

Retningslinjer for redusert bruk av uønska deltid

UTGANGSPUNKT:

HTA kap. 1 - Fellesbestemmelsene, punkt 2,3,1 slår fast at arbeidsgjevar skal informere og drøfte bruk av deltidsstillingar med dei tillitsvalde. I Meland ønskjer dei lokale partane at arbeidet for redusert bruk av uønska deltid vert baserte på desse retningslinjene:

1. Når det oppstår ei ledig stilling, skal ansvarleg leiar ved avdelinga/arbeidsplassen i samråd med tillitsvalde vurdere om denne kan lysast ut internt, med tanke på å auke opp stillingsprosent for tilsette som ønskjer seg opp i stilling.
2. Ved ledig stilling skal leiar også prøve å sjå over fagavdelingane/sektorane, t.d. ved å informere andre leiarar om ledige stillingar. Det er ei målsetjing at kommunen i større grad skal kunne gi tilbod om høgare stillingsprosent også ved kombinasjon av arbeidsoppgåver.
3. Leiar må vurdere om utvida oppgåvebreidde for ein arbeidstakar som ønskjer seg opp i stilling, kan vere ei løysing. Ein må også sjå på kompetanseheving som eit verkemiddel.
4. Behovet for å kunne gi tilbod om større stillingar skal komme fram gjennom arbeidet med fagplanar, økonomiplan og årsbudsjett.
5. Omfanget av uønska deltid skal kartleggjast regelmessig, for å sjå om iversette tiltak gir resultat. Temaet skal også takast opp i medarbeidsamtalar.

Desse retningslinjene vart godkjente i administrasjonsutvalet 19.11.2008, sak 040/08.